

## **FELLES NÆRINGSBAROMETER FOR SOGN OG FJORDANE OG HORDALAND**

### **Fylkesdirektøren rår Hovudutval for plan og næring til å gjere slikt vedtak:**

Hovudutval for plan og næring løyver inntil kr. 262.260,- til utarbeiding av eit Næringsbarometer for Sogn og Fjordane og Hordaland. Midlane vert henta frå 2004-budsjettet for plan og næringstiltak. Fylkesrådmannen får fullmakt til å inngå ei 3-årig samarbeidsavtale om det nye næringsbarometeret.

#### Prenta vedlegg:

Søknad av 15.11 med budsjett, prosjektskildring og utkast til samarbeidsavtale.

#### Uprenta vedlegg:

#### **Saksframstilling**

Sogn og Fjordane fylkeskommune er førespurt av Sparebanken Vest om å vere med på eit felles Næringsbarometer for Sogn og Fjordane og Hordaland.

Næringsbarometeret skal omhandle 14 næringar, og gje ein utførleg skildring av noverande situasjon, utviklingstrekk og framtidsutsikter i næringslivet og offentleg sektor, basert på eksisterande statistikk, ei bedriftsundersøking og intervju med utvalde bedrifter.

Målgruppe for rapporten er eit breitt publikum, der formidling av budskapet på ein lettfattelig måte står sentralt.

Sparebanken Sogn og Fjordane og Innovasjon Norge vil ha ein ungdomsprofil på sitt fylkesbarometer, og det vil ikkje vere noko konkurranseforhold mellom dette og Næringsbarometeret. Dei vil snarare utfylle kvarandre.

I samband med Hydro si nedtrapping i Høyanger - Årdal er Asplan Viak frå før involvert i utviklinga av eit omfattande overvakingsprogram for dei aktuelle kommunane i Sogn og Fjordane, og fylkeskommunen vil etterkvart ta ansvaret for dette når systemet er ferdig utvikla. Når Asplan Viak er inne på begge desse områda vil det på sikt ha ein felles verknad, der funn i overvakingsprogrammet kan styrke næringsbarometeret.

Hovudlansering av Næringsbarometeret er planlagt 18. jan i begge fylka, og i neste omgang i juni 2005. Januarutgåva er noko fyldigare og byggjer i stor grad på NHO sitt økonomibarometer, medan juniutgåva legg vekt på talmateriale frå Aetat.

---

Hovudutval for plan og næring

Saksbehandlar: Tor Gunnar Eriksen

Arkiv: U01 &31

Arkivsaksnr.: 04/04178

---

NHO, Aetat, Innovasjon Norge og Hordaland fylkeskommune har sagt ja til dette samarbeidet. Samarbeidspartane har levert grunnlagsmateriale til ei styringsgruppe, som består av representantar frå alle partane, inkludert Sogn og Fjordane fylkeskommune. Sparebanken Vest leiar arbeidet, medan analysen vert utført av Asplan Viak.

Det har vore fleire møte i styringsgruppa, og arbeidet er godt i gang. Representantar frå Sparebanken Vest har presentert opplegget på ein god måte, og vi har kome med innspel til innhald og framstilling.

Hordaland fylkeskommune har løyvd inntil kr 262.260,- til utarbeiding av eit Næringsbarometer for Hordaland i 2005. Det er forventa at Sogn og Fjordane fylkeskommune løyver eit tilsvarande beløp.

### Finansiering

	Hordaland	Sogn og Fjordane	Sum	
NHO *)			0	
Aetat **)			200000	***)
Sparebanken Vest	187980	187500	375480	
Fylkeskommunane	262260	262260	524520	
Innovasjon Norge			200000	***)
SUM			1300000	

\*) Bidreg med ei bedriftsundersøking m.m. verdsett til 130 000 kr samt kapittel om norsk økonomi verdsett til kr 35 000.

\*\*\*) Bidreg og med ei bedriftsundersøking m.m.

\*\*\*\*) Avtalar fordeling seg i mellom.

### KONKLUSJON/TILRÅDING

Det nye næringsbarometeret er eit godt samarbeidsprosjekt på tvers av både fylkes- og etatsgrenser. Fylkesdirektøren rår Hovudutval for plan og næring til å løyve inntil kr. 262.260,- til utarbeiding av eit Næringsbarometer for Sogn og Fjordane og Hordaland. Løyvinga vert finansiert med disponible midlar i 2004-budsjettet, plan- og næringstiltak. Det er laga eit utkast til ein 3-årig samarbeidsavtale. Vi ser for oss eit 3-årig samarbeid, med høve til å tre ut av avtala i løpet av kvart år. Vi rår til at fylkesrådmannen får fullmakt til å signere den endelege samarbeidsavtala.